

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Handeland	FE-033	22/277

Saksnr	Utval	Type	Dato
075/22	Formannskapet	PS	13.09.2022

Eventuelt

Saksutgreiing:

Forslag til vedtak:

Formannskapet - 075/22

F - behandling:

Spørsmål frå Kamilla B. Karlsen, AP

Ein kan lesa at det ikkje skal tilsettast nokon i den 100% faste økonomimedarbeidarstillinga som vart lysa ut før sommaren. Kva er bakgrunnen for dette? Korleis skal kommunen klare å løyse alle oppgåvene som ligg under økonomi?

Svar frå Ordførar Stian Herøy H

Det var tre søkjarar og ingen som hadde relevant kompetanse og/eller erfaring. Vi vil løyse det ved å kjøpe inn tenester hjå VISMA til mellom anna kjøring av løn. Det vil bli tatt kontakt med nabokommune for å kunne kjøpe tenester av dei.

Spørsmål frå Kamilla B. Karlsen, AP

Drop in er eit godt etablert tilbod i Fedje kommune som ligg under psykisk helse. Dette er kanskje det einaste tilbodet kommunen har for born frå 4. til 7.klasse. Med så mange potensielle brukarar av tilbodet, kvifor har ikkje dette starta opp att etter sommarferien? Kva er bakgrunnen for at akkurat dette tilbodet har vorte kutta?

Svar frå Ordførar Stian Herøy H

Grunnen til at det ikkje vart starta opp att i haust er at vi ikkje har hatt bemanning til dette. 20% tilhøyrande fysioterapeut stillinga ligg under psykisk helse, og me har tidlegare brukt nokre av desse timane til fysio på drop-in. Sidan det ikkje har vert tilsett i stillinga etter sommaren har me ikkje hatt denne ressursen. Det er og bestemt at nyttilsett fysio som skal vere vikar i 1 år, ikkje skal vere i psykisk helse. Me har sett på andre løysningar for å klare å starte opp tilbodet att. Vi vil bruke noko av den ressursen som vi tok frå servicekontoret til ungdomsklubben (40%) til å starte opp Drop in frå
Klokka 12.45-15.15 frå neste tysdag 20.09.22.



Fjell kommune

Kommunedirektør Berit Rystad orienterte om fyljande saker:

- Utgift for Forskarfabrikken i sommar
- Prolongering av opsjonsavtale
- Auke budsjett barnehage
- SIVA søknad
- Regional plan for sjøareal
- Vedtak fyrst?
- Informasjon om personal tilhøva i administrasjonen, møtet var lukka under informasjonen.

F - vedtak:

Det vert ikkje fatta vedtak under eventuelt.